

Nytt oppdrag for Eidsvik

14.04.2011



Eidsvik Skipsbyggeri har fått båt nummer 2 til kai - det er ei ny positiv hending i ein trengt situasjon.

I tillegg til jobben med
ombyggjinga av Paula (Røttingøy i framtida) frå trålar til snurpar
skal dei gjennomføra service og vedlikehald på snurparen
Liafjell.

I motsetnad til Paula har dei ikkje også bygd denne båten, men dei
har bygt Lia-båtar tidlegare. Denne vart bygd på slutten av 1990-talet.

Svein Arne Eidsvik opplyser til uskedalen.no at 6 mann vil vera i jobb
når aktiviteten er på topp på Liafjell. Handverkarane av ymse kategoriar
vil bli teke inn etterkvart som det er behov for dei
og det vil seie ut mai månad.

Når jobben med Paula når høgdepunktet vil det vera rundt 15 mann
arbeid på den båten, som ligg foran Liafjell på biletet over.

(Foto: Ola Matti Mathisen)